

Referat frå sak 4 frå styremøte i Hareid bedehus 14. desember 2016

4. Samtale med Johan Halsne og Halvard Emblemsvåg i Sunnmøre Indremisjon om eigarskap og drift av bedehuset vidare.

Konklusjon:

- Styreleiaren hadde eit kort historisk attersyn om bygginga og eigartilhøvet slik det vart ordna på 50-talet. Det vart den gongen vedteke at ungdomslaget og indremisjonen skulle eige og drifte det nye bedehuset i framtida. Leiaren brukte § 5 i vedtektene, som bakgrunn for innkallinga til dette møtet.
- Indremisjonen stadfesta på møtet at dei framleis er med på eigarsida, og gav styret fullmakt til å arbeide vidare til beste for Hareid bedehus.
- Semje om at Hareid kan foreslår lokale representantar når Sunnmøre indremisjon skal velje representantar inn i bedehusstyret.
- Indremisjonen kan tenkje seg å bruke huset m. a. ved å legge to – tre song- og musikk møte til Hareid bedehus frå hausten 2017.

Referat i sak 2 frå styremøte i Hareid KFUK-KFUM 17.januar 2017

2. Bedehuset – ei oppdatering

Sunnmøre Indremisjon stadfestar at dei vil vere med som eigarar, og vil betale i husleiga (12 000 kr pr halvår). Hareid Indremisjon er nedlagt, og gir dermed frå seg eigarskapet til Sunnmøre Indremisjon. Eldrid foreslår at vi kan vere med på neste styremøte til bedehusstyret som skal vere 1.februar, og vi vert einige om å sende Arne Kåre og Eldrid. Bedehusstyret har fått fullmakt av Sunnmøre Indremisjon om å ta avgjersler for dei til bedehusets beste. Styret i Hareid KFUK-KFUM gir også bedehusstyret fullmakt til å samtale med soknet ang. mogleg overtaking av bedehuset.

Vedtak: Hareid KFUK-KFUM gir styret i Hareid bedehus fullmakt til å samtale med soknet om mogleg overtaking av bedehuset til kyrkjelydshus.

Referat i sak 3 frå styremøte Hareid Bedehus 1. februar 2017

3. Bedehuset, vegen vidare.

- Hareid KFUK-KFUM møtte med 2 representantar (Arne Kåre og Eldrid) for å drøfte status og framtid for bedehuset.
- Representantane frå KFUK/KFUM gav uttrykk for uro for framtida, på bakgrunn av minkande medlemstal i deira lag, og derav problem med å få folk til å gå inn i styret (dette gjeld i endå større grad for indremisjonen). Dette, saman med at økonomien er blitt svakare med tida, er bakgrunnen for at dei vil arbeide for å få andre eigarar inn.
- Styret fekk mynde til å ta kontakt med soknet om framtidig bruk av bedehuset.
- Styret valde ei nemnd som skal arbeide vidare med saka. Dei to er Lidvar G. frå indremisjonen og Arild G. frå KFUK/KFUM. Lidvar kallar inn til første møte.